



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.11.2017
Vår ref.: 2015/1743-10
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i samband med reguleringsplan for Sjurneset, planid 1263-201501 Lindås kommune

Vi viser til brev av 07.11.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, samt vår fråsegn til oppstartsmelding datert 23.02.2015. I tillegg viser vi til brev med kostnadsoverslag for arkeologisk feltarbeid sendt 03.03.2015. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planområdet si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensiale for funn av steinalderbuplassar. Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering med prøvestikking for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Prøvestikk er gravd med spade og er ca 40 x 40 cm.

Kostnadsoverslag sendt 03.03.2015 vart aldri godkjent og registreringa er ikkje gjennomført. Vedlagt er nytt kostnadsoverslag basert på dagens mal. Arbeidsomfanget er berekna til 4 dagar i felt for to personar, samt førarbeid, etterarbeid og skrivning av rapport. Kostnadsramma for den arkeologiske registreringa er sett til kr 81 860,- (sjå vedlegg). Krav om kostnadsdekking er heimla i kulturminnelova § 10, som viser til at kostnadene ved registreringa skal dekkast av tiltakshavar.

For å starte opp feltarbeidet er det naudsynt med skriftleg godkjenning av vedlagde kostnadsoverslag, samt informasjon om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid.

Vi minner om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 månader etter at reguleringsplanen er lagt ut til offentlig høyring for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 9,. Vi varslar med dette at Hordaland fylkeskommune må forlenga høyringsfrist før vi kan gje endeleg fråsegn til planen. Vi ber om utsett frist til 07.02.2018. Undersøkinga må gjerast på bar mark utan risiko for tele. Dersom vi ikkje klarer å gjennomføre arkeologisk registrering pga vêrforhold, kan det vera aktuelt å be om endå lengre frist.

Planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde ihht kulturminnelova dersom tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jan Rune Hosøy

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag